



**VESTLAND
UNGE VENSTRE**

Årsmelding 2020



Abstrakt

I Vestland Unge Venstre sin organisasjons- og strategiplan for 2020 blei det sist år vedteke nokre overordna mål. Her er eit kort samandrag for korleis desse blei oppfylt.

Mål	Status
Ha minst sju aktive lokallag ved utgangen av perioden. Alle lokallag skal få besøk frå fylkesstyret minst to gonger i løpet av perioden.	<p>Per i dag er det fire aktive lokallag i Vestland Unge Venstre: Askøy Unge Venstre, Bergen Unge Venstre, Unge Venstre NHH, samt Sunnfjord og Kinn Unge Venstre.</p> <p>Alle lokallag har fått besøk av fylkesstyret minst éin gong i form av stands og/eller deltaking på årsmøter og medlemsmøter.</p>
297 betalande medlemmer	<p>Ved utgangen av 2020 hadde Vestland Unge Venstre 171 betalande medlemmar. Dette er ein nedgang frå 186 i 2019 og 213 i 2018.</p> <p>Nedgangen skuldast truleg mindre aktivitet som følgje av pandemien, samt det faktum at Venstre deltek i regjering.</p>

<p>Oppnå at minst 75 % av medlemmene betaler kontingenten ved utgangen av året</p>	<p>I 2019 oppnådde Vestland Unge Venstre ein betalingsprosent på ca. 58%.</p>
<p>Vere representert i alle organ i Vestland Venstre der Vestland Unge Venstre har representasjon, samt på alle større arrangement i regi av Venstre i Vestland.</p>	<p>Vestland Unge Venstre var representert på alle styremøter, valkomitémøter, programkomitémøter, fylkesårsmøtet og dei fleste store møter i regi av Vestland Venstre.</p>
<p>Vere representert på alle landstyremøter, landsmøte, sommarleir og andre store UV-arrangement.</p>	<p>Vestland Unge Venstre var representert på alle landsstyremøter i 2020, samt digital sommarleir, landsmøtet og dei fleste store UV-arrangement. VUV har også vore representert i sentralstyret.</p>
<p>Velje landsmøtedelegater på eit medlemsmøte.</p>	<p>Vestland Unge Venstre valde landsmøtedelegatane sine på eit medlemsmøte den 19.09.</p>

1. Organisasjon

1.1 Årsmøte

Vestland Unge Venstre heldt sitt årsmøte i 2020 på Vestre Strømkaien den 9. til 11. januar.

Vestland Unge Venstre heldt vidare eit medlemsmøte for val av landsmøtedelegatar på Google Meet den 19. september. Medlemsmøter i Vestland Unge Venstre blir kalla inn på same måte som årsmøter. Anna aktivitet er nemnt under punkt tre på side 9.

1.2 Fylkesstyret

Styrets samansetning i perioden 2020–2021

- Ole Martini, leiar
- Marius Hellan Hindenes, første nestleiar og økonomiansvarleg
- Dina Bovim, andre nestleiar
- Elias Slåtten, styremedlem
- Ivar Brakstad, styremedlem
- Ole Magnus Njåstad Nynes, styremedlem
- Bendik Frammarsvik Larsen, styremedlem
- Thea Moen Flølo, BUV-representant med røyste-, tale- og forslagsrett
- Erik Justus Grünert, første varamedlem (møtte fast)
- Knut Camillo Tornes, andre varamedlem
- Ingrid Bjørge-Engeland, tredje varamedlem
- Andreas Kolstad, fjerde varamedlem

Arbeidet i perioden har fungert tilfredsstillande, sett i lys av pandemien. Det må likevel merkast at mykje av arbeidet hamna på leiar fordi nokre styremedlemar ikkje har stilt opp på møter eller ikkje har bidrege i annan form. Grunna avgrensa moglegheit til å arrangerer fysiske møter store delar av året, har dei fleste styremøter vore digitale. I perioden har det blitt haldt 6 styremøter og om lag eitt AU-møte i månaden.

Arbeidsutvalet har hatt fortløpande kontakt via internchatter gjennom heile perioden. Fylkesstyret har også diskutert saker i interne Facebook-grupper og chatter.

Innkallingar, saklister og referat har stort sett blitt sendt ut skriftleg per e-post til medlemar av styret, kontrollkomiteen og fylkesfadderer til Vestland Unge Venstre i sentralstyret.

1.3 Lokallag

I slutten av 2020 hadde Vestland Unge Venstre fire aktive lokallag: Askøy Unge Venstre, Bergen Unge Venstre, Unge Venstre NHH og Sunnfjord og Kinn Unge Venstre. Dette er ein tilbakegang på eitt aktivt lokallag.

Det har i 2020 vore utfordrande å besøke aktive lokallag i fylket, då det har vore avgrensa moglegheit for reising. Dessutan har ikkje Vestland fylkeskommune tilléte besøk på dei vidaregåande skulane av omsyn til smittevern. Fylkesstyret, og spesielt leiar, har gjort ein innsats på å besøke alle aktive lokallag under årsmøter og andre medlemsmøter.

1.4 Medlemar

Tal betalande medlemar

2020	2019	2018	2017	2016
171	186	213	192*	182*

* Tal for det som tidlegare var Hordaland Unge Venstre.

1.5 Økonomi

Vestland Unge Venstre sin økonomi har vore prega av mindre utgifter enn venta, men også mindre inntekter. Ettersom 2020 er eit mellomvalsår, har vi rekna med eit lavt forbruk. Det må likevel påpeikast at støtta frå Vestland Venstre har vore betydeleg mindre enn venta, samt at ein har fått om lag 50 000kr mindre i partistøtte (sml. med 2019).

Fylkesstyret har sørga for at økonomien til fylkeslaget er god og berekraftig.

1.6 Fråsegner

Årsmøtet i 2020 vedtok to fråsegner: «Et grønnere Vestland» og «Ansvarlig næringsliv».

Fråsegna «Ansvarlig næringsliv» blei sendt inn til Unge Venstres landsstyre og Vestland Venstres fylkesårsmøte.

Styret har vidare sendt inn diverse fråsegner til landsstyret i Unge Venstre, som alle har blitt vedteke.

2. Representasjon

2.1 Vestland Venstre

Vestland Venstre sitt fylkesårsmøte

Vestland Venstre sitt årsmøte blei haldt på Voss 8.-9. februar 2020. Vestland Unge Venstre hadde fire delegatar som deltok på fylkesårsmøtet på vegne av sine lokallag. Fleire medlemmar i Unge Venstre deltok også på fylkesårsmøtet på vegne av lokallag i Venstre.

Styret i Vestland Venstre

Ole Martini har møtt som Vestland Unge Venstres representant i styret til Vestland Venstre.

Fylkestingsgruppa i Vestland Venstre

Ole Martini har møtt som observatør med talerett i Vestland Venstres fylkestingsgruppe.

Diverse råd, nemnder og utval i Vestland Venstre

Vestland Unge Venstre har vore representert i dei aller fleste råd, nemnder og utval som Vestland Venstre har sett ned.

Venstres landsmøte

August Simonsen, Agnes Hoshovde Bernes, Ane Brevik, Solveig Hillestad, Ole Martini, Njaal Neckelmann og Dina Bovim var på Vestland Venstre sin delegasjon til landsmøtet i Venstre. I tillegg deltok Sondre Hansmark på Unge Venstre sin delegasjon til landsmøtet i Venstre.

2.2 Norges Unge Venstre

Norges Unge Venstre sitt landsstyre

Vestland Unge Venstre har i perioden før Norges Unge Venstre sitt landsmøte vore representert av Ole Martini og Marius Hellan Hindenes i landsstyret.

Etter landsmøtet på hausten i 2020 blei Ole Martini vald som sentralstyremedlem, og Marius Hellan Hindenes og Dina Bovim var representantar i landsstyret ut perioden.

Norges Unge Venstres sentralstyre

Vestland Unge Venstres medlemar Ane Breivik (NUVs første nestleiar) og August Simonsen (sentralstyremedlem) sat som medlemar i Norges Unge Venstres sentralstyre. Ane Breivik og August Simonsen blei attvald til desse verv på landsmøtet til Norges Unge Venstre på hausten 2020. På det same landsmøtet blei Ole Martini vald som nytt sentralstyremedlem.

Norges Unge Venstre sitt landsmøte

Vestland Unge Venstre var representert med 23 delegatar på Norges Unge Venstre sitt digitale landsmøte den 30. til 31. oktober.

På landsmøtet blei følgjande medlemar valde til verv i Unge Venstre: Sondre Hansmark (leiar)*, Ane Breivik (første nestleiar), August Simonsen (sentralstyremedlem), Ole Martini (sentralstyremedlem), Ingebjørg Bjørlo (leiar av klima- og miljøutvalet) og Erik Justus Grünert (medlem av klima- og miljøutvalet).

*Sondre Hansmark (NUVs leiar) var medlem i Vestland Unge Venstre fram til han stilte som ungdomskandidat for Oslo Unge Venstre våren 2020. Hansmark er opprinneleg frå Askøy.

2.3 Norges liberale studentforening

Norges liberale studentforening har hatt tilfredsstillande samarbeid med Vestland Unge Venstre. Noko av materiellet til Norges Liberale studentforening og Bergen Liberale Studenter ligg på lageret til Vestland Unge Venstre på Nordnes. Ein må bli betre på å samarbeide om skulebesøk og arrangement på dei høgare utdanningsinstitusjonane. Vidare bør ein bli flinkare å koordinere når dei høgare utdanningsinstitusjonane held val.

2.4 Anna representasjon

Vestland Unge Venstre har vore representert på ein mengde digitale debattar og markeringar. Dette ser styret som svært positivt då det viser at fylkeslaget er aktivt.

3. Aktivitet

I år har Vestland Unge Venstre hatt mindre aktivitet enn ønska, noko som i stor grad skuldast Covid-19. Derfor har vi i år hatt større fokus på digitale kampanjer og måtar å nå ut til folk digitalt.

3.1 Media

Vestland Unge Venstre har vore svært aktivt i media det siste året. Retriever viser at mange av våre aktive medlemmar har hatt oppslag i ei eller anna avis.

Retriever er eit selskap som driv med dataanalyse og kommunikasjonsinnsikt. Dei aller fleste oppslag i norske aviser, både på nett og papir, blir registrerte i Retriever sin database.

Kort oversyn over treff på utvalde søkeord på Retriever

Søkeord	Antal treff
Ane Breivik	283
Ole Martini	71
Vestland Unge Venstre	59
Dina Bovim	43
August Simonsen	31
Elias Slåtten	28
Ivar Brakstad	17
Marius Hellan Hindenes	16
Bendik Frammarsvik Larsen	5

Ole Magnus Njåstad Nynes	4
Erik Justus Grünert	4

Tabellen viser treff på oppslag i norske aviser i perioden 01.01.2020–31.12.2020.

Nettsidene

Nettsidene er oppdaterte, og det jobbast med ein ny og betre utforming for å dele informasjon meir effektivt.

Facebook

I 2020 har Vestland Unge Venstre hatt utfordringar med nedstenging og skjulte innlegg, noko som har ført til at innlegg av Vestland Unge Venstre, samt fleire lokallag, ikkje har nådd ut til følgjarane. I løpet av desember 2020 blei Facebook-sida til Vestland Unge Venstre stengd permanent, utan grunngjeving frå Facebook. Eit mål til neste år er å få ordna opp i dei tekniske utfordringane, for så å jobbe med fylkeslaget sin synlegheit.

3.2 Aktivitet i Vestland Unge Venstre

Gjennom året har Vestland Unge Venstre hatt kontinuerleg aktivitet, arrangert av fylkeslaget og lokallaga. Mykje av dette har vore digitalt, då moglegheita til å dra på skulebesøk har vore svært avgrensa. Fylkesstyret har jobba aktivt med å hjelpe lokallaga å arrangere årsmøter og medlemsmøter, anten fysisk eller digitalt.

Regional sommarleir

Ettersom den nasjonale sommarleiren blei avlyst grunna Covid-19, arrangerte Vestland Unge Venstre sin eigen sommarleir på Villa Solhaug på Bjørøya (sjå bilete på framsida). Styret vurderer dette som å ha vore vellukka, men ein nasjonal sommarleir når det er mogleg er framleis å føretrekkje.

3.3 Aktivitet i Norges Unge Venstre

Vestland Unge Venstre har vore godt representert på dei fleste nasjonale arrangement i regi av Norges Unge Venstre.

Kick-off

Oslo Unge Venstre og Viken Unge Venstre arrangerte som vanleg Kick-off i januar måned, og ein gjeng på om lag 10 stykk frå Vestland Unge Venstre deltok.

Bergen, 05.01.21

Ole Martini

(leiar)

Marius Hellan Hindenes

(1. nestleiar)

Dina Bovim

(2. nestleiar)